

## **Representantskapsmøte i Sunnmøre Regionråd Interkommunale selskap 13. april 2012**

Den 13. april 2012 vart det halde møte i representantskapet for Sunnmøre Regionråd.

Desse møtte frå representantskapet:

For Giske kommune: Ordførar Knut Støbakk  
For Haram kommune: Varaordførar Svein Harsjøen  
For Hareid kommune: Varaordførar Dag Audun Eliassen  
For Sande kommune: Ordførar Dag Vaagen  
For Sandøy kommune: Ordførar Hans Endre Sæterøy  
For Skodje kommune: Varaordførar Kari Grindvik  
For Stordal kommune: Ordførar Charles Tøsse  
For Stranda kommune: Ordførar Jan Ove Tryggestad  
For Sula kommune: Varaordførar Trygve Holm  
For Sykkylven kommune: Varaordførar Olav Ulstein  
For Ulstein kommune: Ordførar Jan Berset  
For Vanylven kommune: Varaordførar Ottar-Jan Løvoll  
For Ørskog kommune: Ordførar Thorbjørn Fylling  
For Ålesund kommune: Ordførar Bjørn Tømmerdal

Desse møtte ikkje:

For Herøy kommune: Varaordførar Tor-Sindre Steinsvik  
For Norddal kommune: Varaordførar Per Magnus Berdal  
For Vestnes kommune: Kommunestyremedlem Jan Rune Jacobsen

I tillegg møtte:

Arild Iversen, observatør. Ordførar i Volda  
Rune Hovde, observatør. Ordførar i Ørsta  
Anders Riise, styremedlem. Ordførar i Hareid kommune  
Geir Ove Vegsund, styremedlem. Ordførar i Sula kommune  
Olaug Flø Brekke, styremedlem. Rådmann i Ålesund kommune  
Terje Vadset, varamedlem til styret. Ordførar i Skodje kommune  
Turid Hanken. Rådmann Haram kommune  
Bent Arild Grytten. Rådmann Hareid kommune  
Edvard Devold. Rådmann Sula kommune  
Olav Aarø, kommuneadvokat i Ålesund kommune på sak 6

### **Protokoll**

#### **1. Velkommen**

Møteleiar og leiar for representantskapet i Sunnmøre Regionråd Dag Vaagen opna møtet

#### **2. Godkjenning av innkallinga**

Innkallinga vart godkjent.

#### **3. Godkjenning av sakliste**

Saklista vart godkjent med merknadar. Brønnøysundregisteret vil ikkje godkjenne registrering av selskapet pga. kjønnsbalansen i styret. Dette vert teke opp som ny

sak 6. Strategi for Sunnmøre Regionråd vert då sak 7.

**4. Val av to representantskapsmedlemmar til å skrive under protokollen saman med møteleiar**

Bjørn Tømmerdal og Kari Grindvik vart valt å skriv under protokollen saman med møteleiar.

**5. Nytt fengsel på Sunnmøre**

Styreleiar Bjørn Sandnes introduserte Per Våge, regiondirektør i Kriminalomsorg Region Vest.

Våge sa at Kriminalomsorga er opptekne av dei faglege premissane for gjennomføring av straff. De fleste som sit i fengsel i Ålesund i dag kjem frå andre stader, og dei fleste er menn. Fengsel i Haram kommune har ein lagt bak seg i vurderinga, ein startar no med blanke ark. Samspelet med samfunnet elles, tilgangen til offentleg kommunikasjon og beredskapsetatane er viktig ved vurdering av lokalisering.

Våge introduserte Hans Inge Jørstad, fengselsleiar i Ålesund. Jørstad sa at Norge er leiande i verda innan kriminalomsorg. Ålesund fengsel er imidlertid umoderne i dag, og ein treng ei ny eining.

Våge meinte ein på Sunnmøre kunne kome opp med noko nytt, der kriminalomsorg og friomsorg kan gå saman.

Kapasitetsplanen for kriminalomsorga vert overlevert til Justisdepartementet til sommaren.

I debatten vart det nemnt at lokalisering må bli ein konsekvens av det faglege innhaldet ein kan få til. Sunnmøre Regionråd kan bidra med lokalpolitisk styrke knytt til semje i regionen.

Representantskapet gjorde ikkje noko vedtak i saka. Saka går vidare til styret.

**6. Registrering av selskapet i Brønnøysund**

Kjønnsbalansen er ikkje ivaretake i styret. Selskapsavtalen må endrast. Dersom ein held på antal styremedlemmar kan representantskapet velge nye styremedlemmar.

Det kom forslag om å endre ordlyden i § 7, 1.ledd i selskapsavtalen til:

Representantskapet vel eit styre på sjå 7 medlemmar og 5 varamedlemmar. Begge kjønn må vere representert med minst 3 medlemmar i styret og 2 varamedlemmar. Representantskapet velger leder og nestleder.

Så langt som mogleg skal det velgast ordførar og rådmenn til styret.

Nytt § 7 1.ledd vart samrøystes vedteke.

Av omsynet til kravet til kjønnsbalanse i styret må to medlemmar (samt varamedlemmar) skiftast ut.

Forslaget frå valkomiteen er som følgjer:

Petter Lyshol (ordførar Sykkylven) går ut og vert erstatta av Kari Grindvik (varaordførar Skodje) med Eva Kristin Fjørtoft (varaordførar Sandøy) som vara. Einar Arset (rådmann Ulstein) går ut og vert erstatta av Ann Kristin Langeland (rådmann Stranda) med første vara Turid Hanken (rådmann Haram) og andre vara Wenche Solheim (rådmann Ørsta).

Terje Vadset (ordførar Skodje) går ut av varalista saman med Martin Bostad (rådmann Giske) og Asbjørn Moltudal (rådmann Sande).

Framlegget vart samrøystes vedteke.

Dagleg leiar eller styreleiar skal ta direkte kontakt med dei som må gå ut av styret.

Kommuneadvokat i Ålesund kommune Olav Aarø viste elles til at det er eit formelt krav at nye medlemmar skal godkjennast av kommunestyra i medlemskommunane.

Det kom forslag om at § 10 i selskapsavtalen endrast slik at opptak av nye medlemskommunar skal godkjennast av kommunestyra i medlemskommunane.

Forslaget vart samrøystes vedteke.

## 7. Strategi for Sunnmøre Regionråd

Dagleg leiar for Sunnmøre Regionråd, Jan Kåre Aurdal, presenterte forslag til strategi for selskapet.

Vidare vart det debatt om strategi og vegen vidare for Sunnmøre Regionråd.

Det vart nemnt frå fleire at det er viktig at kommunestyra vert besøkt og orientert om det nye Sunnmøre Regionråd. Vidare vart det nemnt at ein kunne ha ei eigarmelding som viser i kva grad selskapet når sine mål. Det vart også nemnt at Sunnmøre Veginvest no er under avvikling, og det ønskjeleg at samferdsel vert ein viktig del av regionrådet sin profil. Ein må få fram ein profil på regionrådet som gjer rådet relevant for næringslivet. Det vart trekt fram at ein må huske på primærnæringane, blant desse fiskeri og landbruk.

## 8. Eventuelt

Det var ingen saker under eventuelt.

## 9. Møteleiar heva møtet.